

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 19.10.21
SAKSHANDSAMAR: Aud Gunn Løklingholm
SAKA GJELD: **Innspel til plan for internrevisjon i Helse Vest**

STYRESAK: 74/21

STYREMØTE: 28.10.21

1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF vedtek fylgjande innspel til plan for regional internrevisjon i Helse Vest:

1. Pkt. 3 vert tatt ut av planen
2. Gjestepasientordninga innan TSB og psykisk helsevern vert lagt til i planen
3. Pkt. 5 vert utsett til Risikoområde legemiddel (Romle) prosjektet er ferdig
4. Pkt. 6 vert presisert til og å gjelda planlegging av arbeidsprosessar:

Planlegging og implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy (2022)

Bakgrunn for saka

Styret i Helse Vest RHF vedtar plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. Saksbehandlinga ligg til internrevisjonen, og det skal vera ein prosess i førekant der internrevisjonen hentar inn innspel frå føretaka.

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har i brev datert 23.09.2021 bede styret i Helse Fonna komma med innspel til regional plan for internrevisjon.

Gjeldande plan (2021-2022) vil ein finna på <https://helse-vest.no/om-oss/internrevisjon#planar-for-internrevisjon>

Prosjekta som er tatt med i gjeldande plan er som følgjer (med status angitt i parentes):

1. Læring på tvers etter uønskete hendingar (under oppstart - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2022)
2. Brukarmedverknad i føretaka (planlagt gjennomføring 1. halvår 2022)
3. Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (under oppstart - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2022)
4. Bruk av avtalespesialistar (2022)
5. Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar (2022)
6. Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy (2022)

Oppmodinga frå Helse Vest rettar seg primært mot å supplera prosjekta merka 2022, eventuelt at nye prosjekt kjem i staden for nokre av dei.

Leiargruppa i Helse Fonna har behandla saka i møte 19. oktober 2021.

Administrerande direktør vil føreslå:

5. Pkt 3 vert tatt ut av planen

Grunngjeving:

Det vert i 2021 og 2022 gjennomført eit nasjonalt tilsyn på BUP-feltet der det vert sett på pakkeforløp og variasjon i tenestene. På bakgrunn av dette ser Helse Fonna ikkje at det er hensiktsmessig å gjennomføra ein tilsvarande internrevisjon i Helse Vest.

6. Gjestepasientordninga innan TSB og psykisk helsevern vert lagt til i planen

Grunngjeving:

Gjestepasientordninga utgjer ein betydeleg kostnad for helseføretaka. Helseføretaka kan i liten grad påverka bruk av dei ulike behandlingstilboda som går inn under gjestepasientordninga og kvaliteten på desse. Vidare er faktureringsrutinane dårlege og det er vanskeleg for helseføretaka å spore og etterprøve mottatte fakturaer. På bakgrunn av dette er det behov for å gjennomføre ein revisjon av korleis gjestepasientordninga vert nytta i Helse Vest samt gjeldande faktureringsrutiner.

7. Pkt. 5 vert utsett til Risikoområde legemiddel (Romle) prosjektet er ferdig

Grunngjeving

Det er sett i verk eit stort regionalt og lokalt arbeid knytt til legemiddelbehandling under arbeid med risikostyring – fem på topp. Det vil difor vera meir føremålstenleg at Internrevisjonen ser på dette temaet når «Romle» er ferdig og ein kan sjå om arbeidet har hatt effekt.

8. Pkt. 6 vert presisert til og å gjelda planlegging av arbeidsprosessar:

Planlegging og implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy (2022)

Grunngjeving:

For å sikra ønska effekt av innføring av IKT-verktøy, er det viktig å planlegga innføringa godt. Alle føretaka i Helse Vest nyttar store ressursar til innføring av IKT-verktøy. Det er difor viktig at planleggingsprosessen sikrar at det vert gjort ei grundig vurdering av kost/nytte knytt til verktøyet før innføring vert vedteken.

Vedlegg:

Brev frå internrevisjonen i Helse Vest

HELSE FONNA HF
Postboks 2170
5504 HAUGESUND

Dykkar ref.: Vår ref.: Sakshandsamar: Dato:
2021/1039 - 8060/2021 Bjørn Munthe 23.09.2021

Oppmoding til innspel til revidering av plan for internrevisjon i Helse Vest (2022-2023)

Det er fast prosedyre at styret i Helse Vest vedtar plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. Saksbehandlinga ligg til internrevisjonen, og det skal vere ein prosess der vi hentar inn innspel frå føretaka.

I tråd med tidlegare praksis og den gode erfaringa med den, vil vi òg dette året invitere føretaksstyra til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2022-2023).

Vi ber om at tema og korte grunngevingar kjem oss i hende seinast 15. november 2021.

Gjeldande plan (2021-2022) vil ein finne på <https://helse-vest.no/omoss/internrevisjon#planar-for-internrevisjon>. Prosjekta som er tatt med i den er som følgjer (med status angitt i parentes):

1. Læring på tvers etter uønskte hendingar
(under oppstart - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2022)
2. Brukarmedverknad i føretaka (planlagt gjennomføring 1. halvår 2022)
3. Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
(under oppstart - planlagt ferdigstilt 1. kvartal 2022)
4. Bruk av avtalespesialistar (2022)
5. Tryggare legemiddelbehandling med utgangspunkt i registrerte alvorlege feil og hendingar (2022)
6. Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy (2022)

Dette betyr at vår oppmoding primært rettar seg mot å supplere dei prosjekta som er merkte «2022», eventuelt at nye prosjekt kjem til erstatning for nokre av dei.

Vennleg helsing
Internrevisjon

Bjørn Munthe
Leiar for internrevisjonen